

**Saksnr:** 2022/92037-32**Saksbehandlar:** Ole Vegard Skauge

Avdelingsdirektøren etter fullmakt

**Statsbudsjettet 2023 - kap. 1429 post 72 - Fordeling av tilskot til tekniske og industrielle kulturminne**

Med heimel i PS 146/2022 i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering (Tilskotsordning for friluftslivets ferdselsårer og tilskotsordningar kulturarv - delegering av vedtaksmynde) vedtek avdelingsdirektør for kultur og folkehelse følgjande:

**Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 72 tekniske og industrielle kulturminne, som følgjer:

Nr.	Søkjjar	Kulturminne	Tilskot 2023	Tilsagn 2024
1	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland – Tekstilindustrimuseet	Salhus Trikotasjefabrikk	4 149 000	398 831
2	Kraftmuseet	Tyssedal kraftstasjon	2 550 000	
3	Smelteverkstomta næringsutvikling	Odda smelteverk	2 370 000	2 250 000
	Importkaien AS	Odda smelteverk		351 169
	Kraftmuseet	Odda smelteverk	520 000	
4	Indre Ofredal vener	Ne fø' sjøen Indre Ofredal	150 000	
5	Stiftelsen Bergens elektriske sporvei	Bergens elektriske sporvei	200 000	
6	Askøy kommune	Bergen kringkaster	300 000	
7	Museet Gamle Vossebanen	Gamle Vossebanen	Avslag	
8	Arild Litlekalsøy	Sellevåg treskofabrikk	13 200	
9	Marie Eidsvik	Gjert Eidsvik skipsbyggeri	50 000	
10	Stiftelsen Hummerparken Espevær	Espevær hummerfabrikk		300 000
11	Osterøy kommune	Kossdalsvegen	Avslag	
12	Hordaland veteranbuss stiftelse	Veteranbussane i Hordaland	Avslag	
13	Voss Herad	Oppheim bru	Avslag	

14	Stiftelsen Gamle Innvik ullvarefabrikk	Gamle Innvik ullvarefabrikk	100 000	
15	Musea i Sogn og Fjordane	Lisetbua	200 000	
16	Kraftmuseet	Arbeiderbustadane i Folgefonngata	Avslag	
17	Årdal utvikling	Tyin veg og damvaktarbustad	Avslag	
18	Årdal utvikling	Tyin provisoriske kraftstasjon	Avslag	
19	Knut og Solveig Skjerve	Ruud gard	Avslag	
20	Kåre Nes	Nes gardssag	200 000	
21	Foreningen Historia	Gestapohuset	Avslag	
22	Sandviksveien 60 og 62 AS	Mesterhuset i Sandviken	Avslag	

Det vert vist til vedlegg med omtale av søknadene for grunningjeving av vedtaket.

2. Restmidlar og rentemidlar på totalt kr 556 821 vert sett av til strakstiltak og andre uventa meirkostnader. Avdelingsdirektøren gjer vedtak om fordeling av midlane. Ei orientering om korleis desse midlane har vorte fordelt, vert lagt fram for hovudutvalet i første kvartal 2024.

3. Avdelingsdirektør kultur og folkehelse set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt og har fullmakt til å omfordele midlar til andre tiltak på same kulturminne.

#### Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 72 tilskot til tekniske og industrielle kulturminne. Kwart år kan ikkje-statlege eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne søkje fylkeskommunen om støtte til istandsetjing og forvaltning, drift og vedlikehald. På bakgrunn av innkomne søknader på 52 306 113 kr søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 28 613 200 kr i tilskot for 2023. 6. februar 2022 tildelte Riksantikvaren tilskotsmidlar 11 000 000 kr. til Vestland fylkeskommune for 2023 og førehandstilsegn på 3 300 000 kr. for 2024. Desse midlane utgjer omkring ein fjerdedel av samla søknadssum frå tiltakshavarane og skal no fordelast til søkerane. 22 søknader er handsama i saka. 12 er innstilt til tilskot og/eller førehandstilsegn, 10 er innstilt til avslag, av desse er 1 søknad overført til søknadsordninga for freda hus i privat eige.

**Per Morten Ekerhovd**  
Avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse

**David J. Sandved**  
seksjonssjef  
KFO - Kulturarv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn

Tekniske og industrielle kulturminne er spor etter industriell kultur med historisk, teknologisk, sosial, arkitektonisk eller vitskapleg verdi. Tekniske og industrielle kulturminne omfattar bygningar og produksjonslinjer med maskineri, samferdsle og øvrig infrastruktur, samt den sosiale delen av industrihistoria med bustader, religiøse byggverk, skular, rekreasjon- og grønlanlegg.

Formålet med tilskotsordninga post 72 tekniske og industrielle kulturminne er at mangfaldet av tekniske og industrielle kulturminne vert sett i stand og vedlikehaldast som grunnlag for ivaretaking av kunnskap, oppleving, bruk og verdiskaping. Det nasjonale målet for tilskotsordninga er nedfelt i Rundskriv T-1/20 Tilskotsordningar for 2023, som omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m.

Gjennom tilskot til tekniske og industrielle kulturminne skal vesentlege deler av Norge si tekniske og industrielle historie bevarast. Det er eit mål å auke kunnskapen om mangfaldet av tekniske og industrielle anlegg, som grunnlag for forskning, formidling, oppleving, bruk og muleg ny bruk. I dette inngår også ivaretaking av handverkskompetansen som er bygd opp ved dei 15 prioriterte anlegga som inngjekk i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram fram til 2020. Fram til nye bevaringsstrategiar for tekniske og industrielle kulturminne ligg føre skal målsettinga til bevaringsprogrammet ligge fast:

Målet med bevaringsprogrammet er å sette i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegga. Med dette meinast normalt vedlikehaldsnivå innafor definerte omfang.

Måloppnåinga for bevaringsprogrammet er at anlegga skal være sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå med minimum tilstandsgrad 2 i eksteriør. Interiør/maskinpark skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå der dette er vurdert som ein del av anlegget sitt omfang.

Tildeling frå Riksantikvaren:	11 000 000 (tilskot for 2023)
	3 300 000 (førehandstilsegn for 2024)
Andre disponible midlar:	359 021 (renteinntekter)
Søknadsfrist:	1.11.2022
Vedtak kriteria:	<a href="#">Lenke til forskrift</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Lenke til informasjon på Vestland fylkeskommune sine heimesider</a>
Tal søknadar:	22
Tal søknadar som er tilrådd støtte:	12
Samla søknadssum:	52 306 113 kr
Samla løyving:	14 102 200 kr
Midlar sett av til strakstiltak mm	556 821 kr

### Overordna prioriteringar

Føringane som kjem fram i forskrift om tilskot til tekniske og industrielle kulturminne ligg til grunn for avdelingsdirektøren si tilskotshandsaming. Private, kommunale og fylkeskommunale eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne kan motta tilskot. Sektorprinsippet ligg til grunn. Det skal ikkje gjevast tilskot til kulturminne i statleg eige.

Midlane skal fordelast etter søknad om tilskot til konkrete tiltak til:

- Sikring
- Istandsetting
- Vedlikehald
- Kulturminne- og tilstandsregistrering
- Dokumentasjon

- Mulighetstudie
- Løn til stillingar knytt til forvaltning, drift og vedlikehald

For meir om ordninga, sjå <https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-72-tekniske-og-industrielle-kulturminner/>

Med ein total søknadssum på 52 306 11 kr. og tildeling 11 000 000 kr. samt tilsegn på 3 300 000 kr. må Vestland fylkeskommune gjere harde prioriteringar. Det er ikkje nok midlar til fordeling, og enkelte tiltak må i år prioriterast høgst ut frå formålet med støtteordninga. Fleire søknader får innvilga berre ein del av det omsøkte beløpet, og andre får lav uttelling av di dei har tilgjengelege midlar som kan nyttast i 2023. I desse tilfella er det forsøkt å sjå til at framdrifta likevel ikkje vert vesentleg redusert. Ti søknader har fått avslag, av desse fell ein utanfor det ordninga kan gje midlar til, og ein er overført til tilskotsordninga for freda hus i privat eige, for betre måloppnåing med tilskotsforvaltninga samla sett.

Det vert vist til vedlegg for nærare omtale og grunngjeving knytt til den einskilde søknad.

#### **Avdelingsdirektøren sin vurdering av søknadene**

Avdelingsdirektøren sluttar seg til målsettinga i bevaringsprogrammet om å sette dei prioriterte tekniske og industrielle kulturminna i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. Dei tre anlegga i bevaringsprogrammet i Vestland, Salhus Tricotagefabrik, Tyssedal Kraftverk og Odda smelteverk, er prioriterte i fordelinga. I Vestland har Odda smelteverk ikkje nådd måloppnåinga, og behova er store. Her er samstundes eit stort verdiskapings- og brukspotensiale som er vektlagt. Salhus Tricotagefabrik og Tyssedal kraftstasjon har nådd den generelle måloppnåinga om istandsetting, men for så store anlegg vil det alltid være trong for reparasjonar og tiltak. For desse tre anlegga er det også behov for stabile ressursar til forvaltning, drift og vedlikehald for å sikre den kunnskapen som er bygd opp, og sikre anlegga gjennom vedlikehald og reparasjonar. Avdelingsdirektøren ser at dei også er nasjonale attraksjonar som det er viktig å sikre som grunnlag for lokal og regional samfunnsutvikling.

Vestland fylkeskommune har stor tilgang på søknader og stor innkomen søknadssum. Avdelingsdirektøren ser engasjementet i Vestland fylke for tekniske og industrielle kulturminne, og merkjer seg at søkjarar frå verdifulle anlegg som ikkje tidlegare har søkt søkjer i år. Riksantikvaren si auka tildeling til Vestland fylkeskommune for 2023 har tre grunngjevingar. Det eine er det høge antal søkjarar. Avdelingsdirektøren deler Riksantikvaren si positive haldning til dette og har lagt det til grunn som eitt moment i tilskotsfordelinga i år, og vil arbeide vidare med å nå ut med informasjon om ordninga. Riksantikvaren har for det andre lagt til grunn det store behovet for langsiktig istandsettingsarbeid ved Odda smelteverk, og for det tredje at tilstanden ved dei tre anlegga i bevaringsprogrammet må oppretthaldast gjennom forvaltning, drift og vedlikehald.

Avdelingsdirektøren har i tråd med dette fordelt store deler av tilsagnsmidlar for 2024 til Odda smelteverk, der tilstandsgraden er dårleg, utfordringane til dels av alvorleg art, og istandsettingsarbeida vil måtte pågå i mange år framover. Den samla tildelinga til Odda smelteverk burde vore auka, men også Salhus Trikotagefabrikk og Tyssedal kraftstasjon har i år presserande istandsettingsbehov.

Ramma for tildeling i 2023 er 11 000 000 kr. i tilskot og 3 300 000 kr. i førehandstilsegn, samla er dette 14 300 000 kr. Til anlegga i bevaringsprogrammet har avdelingsdirektøren sett av 12 589 000 kr. Denne prioriterte andelen er i tråd med innarbeidd fordelingspraksis og er naudsynt i lys av formålet med tilskotsordninga. Tilrådde tilskot og tilsegn til anlegga utanfor bevaringsprogrammet skal spegle den store breidda og det store engasjementet i heile Vestland fylke. Avdelingsdirektøren tilrår at 1 513 200 kr. av tilskotsmidlane fordelast til anlegg utanfor bevaringsprogrammet. Dette er om lag 10.6%, og er omtrent same andel av tilgjengelege midlar som i 2022. Avdelingsdirektøren si vurdering er at den samla ressursfordelinga mellom anlegg i og utanfor bevaringsprogrammet for 2023 er balansert i tildelinga, og i tråd med mål for tilskotsordninga. Rullande materiell er indirekte tilgodesett, innafor retningslinjene til ordninga.

I dei konkrete vurderingane av det samla søknadstilfanget har avdelingsdirektøren lagt vekt på m.a.:

- Sikring mot akselererande forfall og utbetring av akutte skader
- Potensial for verdiskaping og medverknad
- At breidda av tekniske og industrielle kulturminne er representert

- Vidareføring av pågåande prosjekt
- At heile Vestland er representert

Fylkeskommunen har i 2022 hatt 359 021 kr. i renteinntekter av midlane i tilskotsordninga. Desse rentemidlane skal nyttast til same føremål som andre midlar i ordninga. Avdelingsdirektøren set av desse midlane til strakstiltak og uventa meirkostnader. Frå tilgjengelege midlar frå Statsbudsjettet 2023 set avdelingsdirektøren også av 197 800 kr. til same formål.

I løpet av året oppstår det ofte uførutsette hendingar, som fører til behov for tilskot til strakstiltak eller uventa meirkostnader. Erfaringa frå dei siste åra viser at ein sum 556 821 kr. kan dekke dette behovet.